

---

Saksnr: 2021/2828-5  
Saksbehandlar: Runar Sagstad Haugen

---

**Saksgang**

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for samferdsel og mobilitet		27.04.2021
Fylkesutvalet		11.05.2021

**Omklassifisering av fylkesveg 5454 rundt gamle Knarvik Skysstasjon**

Forslag til vedtak:

1. Vegen rundt gamle Knarvik skysstasjon, (fv.5454 S1D1 m392 SD1 m0-192) vert omklassifisert til kommunal veg.

**Samandrag**

Den aktuelle vegen på 192 meter har fungert som fylkesveg rundt gamle Knarvik skysstasjon. Då Knarvik sin bussterminal/haldeplass blei flytta opp til E39 den 14.10.2019 mista vegen rundt den gamle Knarvik skysstasjon sin regionale funksjon. Fylkeskommunen stansa samstundes si drift av vegen. Alver kommune eig allereie grunnen vegen ligg på og har gjort fleire tiltak og endringar på området allereie. Alver kommune har også i reguleringsplan planar for området vegen ligg på.

Med bakgrunn i saka vil fylkesrådmannen tilrå fylkesutvalet å vedta at fv.5454 S1D1 m392 SD1 m0-192 vert omklassifisert til kommunal veg etter veglova § 7 annet ledd.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Dina Johanne Lefdal  
fylkesdirektør

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Den aktuelle vegen som er ønska omklassifisert til kommunal veg er markert i biletet under. Veggen har tidlegare fungert som skyssshaldeplass/terminal før ny terminal blei flytta opp til Knarvik Senter langs E39. Flyttinga skjedde 14.10.2019. Alver kommune står allereie frå gammalt av som eigar av grunnen vegen ligg på (gnr/bnr 188/408). Men sjølve vegen står framleis oppført som fylkesveg i dag.



Figur1) Dagens kart over den U-formande vegen som er markert. Biletet er ikkje helt korrekt ut i frå dagens situasjon då det er bygd parkeringsplass på deler av vegen, og gang- og sykkelveg langs eine sida.



Figur 2) Dagens situasjon der svart markert område er omgjort til parkeringsplass med innkøyrse frå vegen som rådst omklassifisert. Kvit firkant er ein mellombels nettstasjon. Det har ikkje vore råd å finna nokon offentlege planar slik området ser ut per i dag. Skissa er derfor eit omtrentleg bilete.



Figur3)  
I reguleringsplan id:  
1263-201002, er heile  
området regulert som  
o\_ST2 gatetun og  
allmenning i planens  
beskriving.

#### Saksopplysningar

FV5454 S1D1 m392 SD1 m0-192

Gamal vegref: FV5454 hp850 m13000-13192

Vegen ligg på gnr/bnr 188/408

Vegen har ei lengd på 192 meter (i dag er den noko kortare grunna parkeringsplass som nyleg er bygd over). Vegen fungerer i dag som tilkomstveg til taxisentral og parkeringsplass. Den har tidlegare vore skyssshaldeplass i Knarvik.



Figur 4) Bilete frå  
19.01.2021 som viser dagens situasjon av vegen og gamle skyssstasjonen

## Kriterium for grensedraging mellom fylkeskommunale og kommunale vegar

*Gjeldande kriterier for grensedraging mellom fylkeskommunale og kommunale vegar går fram av Samferdselsdepartementets brev til fylkeskommunane i brev av 26. mars 1985:*

*"a. Storbyer/byer (over 5000 innbyggjarar)*

*Grensen mellom fylkesveg og kommunale vegar vert trekt mellom samleveg og adkomstveg slik disse er definert i vegnormalene*

*b. Mindre tettstadar (opp til 5000 innbyggjarar)*

*Fylkesveg i tettstader opprettheld si klassifisering i sjølve tettstaden fram til kryss med riksvog eller fylkesveg, eller kontakt med jernbanestasjon, flyplass, rutebilterminal, eller kai av regional betydning*

*c. Spreidtbygde - / gravgrendte område*

*Ein fylkesveg skal ha et befolkningsunderlag på minst 50 personer. Fylkesvegen skal føres fram til kontakt med jernbanestasjon, flyplass, rutebilterminal, eller kai av regional betydning.*

*For storbyar og byar siktes det her til de områder som vert avgrensa til tettbygd område.*

*Andre deler av vegnettet i disse områda vert vurdert som i spreidtbygde område."*

*I handbok (Veg- og gateutforming, 017) kap. C.1 er samleveger og adkomstveger definert slik:*

*«Samleveger er forbindelsesveger mellom for eksempel boligområder eller bydeler, og bindeledd mellom atkomstveger og øvrige hovedveger. Disse vegene har en oppsamlings og fordelingsfunksjon. Atkomstveger gir atkomst til boligområder, fritidsaktiviteter, industriområder eller lignende.»*

## Vurdering

Området vert vurdert som by etter bokstav a (SSB tabell «Tettsteders befolkning og areal» av 6.10.2020 vises tettstaden Knarvik med 6024 innbyggjarar).

Vegen har tidlegare fungert som skysstasjon fram til denne bruken blei endra 14.10.2019. I dag fungerer vegen som tilkomstveg (adkomstveg) til taxisentral og parkeringsplassar. Den har derfor ikkje noko fylkeskommunal funksjon lenger som skysshaldeplass og heller ikkje noko samlevegfunksjon slik det er definert i vegnormalane. Vegen er i dag ein blindveg til taxisentral og parkeringsplassar.

Heile arealet vegen ligg på i dag (gnr/bnr 188/408) er i matrikkelen allereie eigd av Alver kommune. Det er då naturleg at også vegen formelt går over i kommunen sitt eigarskap og driftsansvar når skysstasjonen ikkje lenger eksisterer, og vegen ikkje lenger har ein funksjon i det fylkeskommunale vegnettet.

I områdeplan for Knarvik senter (plan id: 1263-201002) er gnr/bnr 188/408 som vegen ligg på regulert til gatetun/allmenning (o\_ST2). Vegen vil derfor i framtida heller ikkje få noko regional funksjon som gjer det aktuelt å oppretthalde vegen som fylkesveg.

Det anbefalast derfor at vegen omklassifiserast til kommunal veg uavhengig av om dagens bruk oppretthaldast eller eksisterande reguleringsplan realiserast.

## Teknisk standard jf. veglova § 7 fjerde ledd.

Normalt skal vegen etter veglova ikkje kunne overleverast utan att vegen oppfyller tekniske krav i NA-97/13 rundskriv. Men i denne saken har kommunen allereie godkjent fleire tiltak på vegen (t.d. parkeringsplass og gang/sykkelveg), og reguleringsplan opnar for ytterlegare endringar i framtida. Vegdekket og vegsituasjonen rundt gamle Knarvik skysstasjon er heller ikkje det same som då fylket stoppa drifta av den gamle skysstasjonen. Fylket sin driftskontrakt og drift av vegen stoppa ved etableringa av den nye Skysstasjonen langs E39 i 2019.

Omklassifisering av vegen til kommunal veg i denne saka er derfor vurdert som ein formalitet så kommunen sjølv får full råderett over området dei allereie står som eigar av og har påbegynt tiltak på.

Vi har derfor vurdert at vegen ikkje er aktuell for vedlikehald frå fylkeskommunen etter NA-97/13 før overlevering/omklassifisering til Alver kommune.

Alver kommune har i sin uttale ikkje hatt noko merknader til denne vurderinga.

**Vedtakskompetanse**

Reglement for folkevalde organ og delegering, Oktober 2020, Vestland Fylkeskommune  
Side. 80. punkt 11 til § 7 i veglova:

«Fylkesutvalet har mynde til, etter innstilling frå hovudutval for samferdsel og mobilitet, å uttale seg om omgjerding av riksveg eller å gjere vedtak om nedlegging eller omgjerding av fylkesveg.»

Saksgang ved omklassifisering følgjer elles av veglova § 7:

«§ 7. Etter at fylkeskommunen - i Oslo kommunen - har uttala seg, kan departementet gjere vedtak om at riksveg skal leggjast ned eller gjerast om til fylkesveg eller til kommunal veg.

**Etter at kommunen har uttala seg, kan fylkeskommunen gjere vedtak om at fylkesveg skal leggjast ned eller gjerast om til kommunal veg.**

Kommunen kan gjere vedtak om at kommunal veg skal leggjast ned.

Vedtak etter første og andre ledd kan likevel ikkje settast i verk utan at vegen oppfyller tekniske krav etter nærare retningslinjer gitt av departementet.»

Alver kommune har fått førelagt saka i sin heilheit med Vestland fylke sine vurderingar, der Alver kommune har kome med ei formell uttale 19.03.2021:

«Viser til saka.

Alver kommune har ikkje noko merknad i samband med omklassifisering av omtalte veg til kommunal.»

**Vurderingar og verknader****Økonomi:**

Då det i denne saka vil sjåast på som ein formalitet at Alver kommune tek over vegen vil det ikkje innebera noko utgifter til vedlikehald før overlevering. Alver kommune har ikkje noko merknader til denne vurderinga.

Omklassifiseringa vil derfor ikkje ha noko økonomiske konsekvensar.

**Klima:** Ikkje aktuelt

**Folkehelse:** Ikkje aktuelt

**Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):** Ikkje aktuelt

**Konklusjon**

I høve til grensdraginga mellom kommunale og fylkeskommunale vegar tilseier dagens bruk og planlagt framtidig bruk at vegen skal vera kommunal. Alver kommune eig allereie grunnen vegen ligg på og kommune har gjort fleire tiltak og har planar for området. At vegen overførast til kommunen gjer at dei får full råderett over området dei har påbegynt tiltak på. Det er derfor ikkje behov for å gjera tiltak på vegen før overlevering til Alver kommune. Alver kommune har i sin uttale i saka uttalt «Viser til saka. Alver kommune har ikkje noko merknad i samband med omklassifisering av omtalte veg til kommunal.»

Fylkesrådmannen tilrår derfor at vegen rundt gamle Knarvik skysstasjon, fv.5454 S1D1 m392 SD1 m0-192 vert omklassifisert til kommunal veg.